



Fredag klokka 20 er det ein ny runde med quiz på Systrene Nilsen og dagleg leiar Karoline Neset håpar på større deltaking enn i første runde sist fredag. Då stilte det berre 5 lag. Ho tek imot innmeldingar på 91002207

Eit spennnande spørsmål no er om nokon kan stilla opp og gjera Nesjarane som det beste laget i bygda til no rangen stridig. Så langt har det vunne 7 av 9 mogelege gangar. Kanskje kjem det utfordrarar frå nokre av nabobygdene?

Sikkert er det i alle fall at Bjørn Sture Hillestad er heime att frå ferie og skal leie runden med malmrøyst og sikker rutine (biletet).

Han har saman med eit team klekka ut ei krevjande samling av spørsmål og plar ofte presentera ein original vri.

Etter quizen er det høve til å svinga seg til briten Charles Breakspeare

sin song og tonar. Han skal spela også torsdag og laurdag og vart svært populær i fjor.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen